



Eivind Børilden  
Øknesvegen 76  
5943 AUSTRHEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/3769 - 22/64049

Saksbehandlar:  
Mikkel Bengtsson  
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:  
25.08.2022

## **Landbrukssak, alle hjortevald i Austrheim kommune - kvotefri jakt på hjortekalv - vedtak**

**Administrativt vedtak: Saknr: 916/22**

### **VEDTAK:**

Med heimel i hjorteviltforskrifta § 18, jf. § 37 gjev Austrheim kommune med dette alle hjortevald i kommunen løyve til kvotefri jakt på hjortekalv.

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

- Løyve er gjeldande for perioden 01.09.2022 – 23.12.2022.
- Løyve gjeld innanfor heile dei enkelte hjortevalds ansvarsområda.
- Retten til å felle eit fritt tall hjortekalv gjeld alle jaktrettshavera i valda.
- Den enkelte grunneigar må samtykke før kvotefri jakt på hjortekalv vert utført på den enkelte eigendom. For sameigarar gjeld vanlege reglar etter sameigloven.
- Tildeling av kvotefri jakt på hjortekalv kjem i tillegg til dei normale fellingsløyva.
- Jaktleder, ev. jeger/jaktrettshavera er ansvarleg for at alle felte kalvar, uavhengig av kvote eller ikkje, rapporterast i Hjorteviltregisteret eller i appen Sett og skutt.
- Valdansvarleg sender inn fellingsrapport. Rapportering skal gjerast samla for heile jakta, det vil si at alle kalvar felt, uavhengig av tildelingsmåte, skal rapporterast til kommunen på fastsett fellingsrapport eller elektronisk i Hjorteviltregisteret.
- Uttaket skal følgje dei ordinære krava til jaktutøving i villlova med tilhøyrande forskrifter.

**Saka gjeld:**

I informasjonsskriv til kommunar, dagsett 15.06.2022, opna Miljødirektoratet for søknad om kvotefri avskyting av hjortekalv for jaktåret 2022/2023 frå kommunar som oppleva interesse- og arealbrukskonfliktar knytt til tetta hjortebestandar. Dette etter bestilling frå Landbruks- og matdepartementet.

Alver kommune har på vegne av Austrheim kommune i søknad dagsett 01.08.2022, søkt Miljødirektoratet om løyve til kvotefri uttak av hjortekalv gjelande for alle hjortevald og BPO i jakt sesong 2022/2023. Det vart søkt for heile kommunens ansvarsområda for forvaltning av hjort for å femne om heile årsleveområda til størstedelen av hjorten i områda, og for høgast mogleg konfliktdempande og bestandsforbetrande effekt.

Bakgrunn for søknad er nedskalering av interesse- og arealbrukskonfliktar og forbetre utviklinga av ein berekraftig hjortebestand.

Dispensasjon frå hjorteviltforskrifta §18 og dermed tillating til tildeling av kvotefri jakt på hjortekalv til alle hjortevalda i Austrheim kommune er gjeve frå Miljødirektoratet 08.08.2022.

**VURDERING:**

Integrering av kvotefri avskyting av hjortekalv i den lokale forvaltninga av hjort er vurdert til å kunne ha kraftig konfliktdempande og bestandsforbetrande effekt. Tiltaket er hovudsakleg eit reiskap til reduksjon av dei stasjonære hodyrflokkar som gjer omfattande skade lokalt på landbruksareal, samt økonomisk kompensasjon for skader på avling igjennom eit mogleg auka uttak av kalv for den enkelte grunneigar.

Ein viktig motivasjon for tiltaket fri kalv er, å gjera det mogleg for grunneigarane/ jaktrettshavarar å fortsetta fellinga av kalv når dei ordinære tildelingane er skote. Fri kalv gjer jegerar/grunneigarane eit insentiv til å ta ut dårleg kondisjonerte kalvar, spesielt tidleg i jakta, utan å belasta tall kalva løyva.

Det registrerte tap i slaktevekt på kalv i store deile av Vestland er såpass urovekkande at alle tiltak som hindrar at dessa kalvane på sikt vil gå inn i produksjonsapparatet er positivt og at fri kalv vert integrert i vår hjorteforvaltning.

Kommunen legg til grunn at Miljødirektoratet har vurdert konsekvensane av fri kalv etter naturmangfaldlova sine reglar, og at det dermed ikkje treng ny vurdering frå kommunen. Sjølv om omsynet til å redusera framtidig skade på jord- og skogareal er ein av årsakene til at dette vert sett i verk, er det vel så viktig at dette er eit tiltak som vil bidra til ein sunnare og meir livskraftig hjortestamme i balanse med naturgrunnlaget.

I vedlagt informasjon skriv vert dei faglege grunnar til bruk av kvotefri jakt på hjortekalv i forvaltninga av hjort i Austrheim kommune forklart.

**Regelverk**

FOR-2016-01-08-12 Forskrift om forvaltning av hjortevilt.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reist søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/64049

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Mikkel Bengtsson  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Eivind Børildsen	Øknesvegen 76	5943	AUSTRHEIM
Odd- Marthin Totland	Kalandssjøen 89	5953	FONNES
Stig Kjøsnes	Equinor ASA, Mongstad 56	5954	MONGSTAD
Øyvind Ullestad	Bakkavegen 75	5953	FONNES